

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 2.12.09

Stad: Holo

---

### Sak 27/09. Praksis omkring tildelinga av fellingsløyva for simle/ungdyr og kalv Aurland statsallmenning

#### **Saksopplysning/vurdering:**

Det har kome inn eit forslag frå han Øyvind Øyum om at fjellstyret bør skilja kalvekorta frå simlekorta ved trekninga av fellingsløyva. Kopi av brevet ligg ved.

Fjellstyret har i "alle år" tildelt fellingsløyve for simle/ungdyr saman med kalv, i staden for å selja korta einskildvis. Tanken har vore at jegerane til ein viss grad skulle ha sjansen til å skyta kalven til den simla som vart felt. Dette prinsippet er og teke inn i fjellstyret sin forvaltingsplan for 2007-2010. Her står det under overskrifta "*Rutinar for tildelinga av fellingsløyve,*" på side 19: "*Kalvekorta skal normalt tildelast saman med simlekorta.* Eitt år, i 1989, vart det prøvt å tildela kalvekorta for seg, men reaksjonane frå jegerar som ikkje tykte noko om å få tildelt eit einsleg kalvekort gjorde at fjellstyret året etter gjekk attende til den gamle ordninga. Ein må ha i mente at fellingskvotane i Nordfjella var mykje større sist på 1980-talet enn dei har vore etter tusenårsskiftet, og søkjartala var lågare. Det tok såleis ikkje så lang tid mellom kvar gong ein søkjar kunne rekna med å få tildelt fellingsløyve hjå fjellstyret. Dei siste åra har det vore 3-4 gonger så mange søkjarar som det har vore kort til, med den rutinen som vert nytta for tildelinga. For å gje fleire høve til å koma seg på jakt, kan det difor vera eit poeng å skilja kalvekorta frå simlekorta. Dette vil og kunna auka fellingsprosenten for kalv, som ligg svært lågt i Nordfjella.

Ein må, ut frå utviklinga av reinsstamma i Nordfjella, rekna med at fellingskvoten må aukast framover, i høve til det han har lege på dei siste åra. Ein auke på kring 50 % er ikkje usannsynleg, ut frå driftsplanen for området. Det er vinterteljingane det einskilde året som vil avgjera dette. Dersom ein får ein slik auke, vil det sjølvstøtt hjelpa på, når det gjeld å korta inn på ventetida mellom kvar gong ein står for tur for fellingsløyve.

Uansett vil det vera naturleg å vurdere spørsmålet i samband med rulleringa av forvaltingsplanen for statsallmenningen, som er nær føreståande. Det kan vera lurt å lufta spørsmålet med dei det gjeld – jegerane i Aurland og jakt-og fiskelaget, før fjellstyret gjer endeleg vedtak. Fjellstyret si nettside og "Aurlendingen" kan nyttast som fora for å lufta spørsmålet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret vurderer å endra praksisen for tildelinga for fellingsløyva slik at kalvekorta vert tildelte for seg, ikkje saman med simlekorta som i dag. Det er ynskjeleg å få inn synspunkt på dette frå jegerane i Aurland og Aurland jakt-og fiskelag før endeleg vedtak vert gjort.

Fjellstyrekontoret, den 26.11.09

Harald Skjerdal